



Årsmelding 2021

Styret:

Leiar	Eilin Reinaas
Nestleiar	Jon Anders Skorpen
Kasserar	Christer Nærø Torvik
Styremedlem	Ragnhild Margrete Bremnes
Styremedlem	Ellen Marte Solem
Varamedlem	Joakim Eiksund
Varamedlem	Kristin Rødven Eide
Varamedlem	Odd Arne Blomberg

Valnemnd

Leiar	Sindre Slettestøl
Medlem	Torill Torvholm
Medlem	Johannes Kjær Madsen
Varamedlem	Hege Woldsund

Styret sitt arbeid i 2021:

Vi har hatt 9 styremøter og 1 styresak på e-post. Styret har handsama 68 saker i 2021.

Koronapandemien avgrensa ein god del ordinære aktivitetar gjennom året.

Økonomi:

Vi har hatt ei auka inntekt på omlag 15% samanlikna med 2020.

Sjå vedlagt revidert årsregnskap 2021 frå regnskapsfører Sigbjørn Gurskevik Skeide i Rekne AS (tidlegare Balanse Regnskap).

2021 vart eit godt år for klubbdrifta, med eit overskot på over 349 000 kroner.

Viktig å merke seg at av dette overskotet er det øyremerka kroner 128 377,- SPLEIS-midlar som skal gå til prosjekt Gapahuk og Klubbnaust.

Økonomien til klubben er solid og prosjekta i 2021 går vidare over til neste år.

Naust:

Etter ekstraordinært årsmøte 19. januar 2021, vart naust nummer 3 kjøpt. Dette naustet skal i hovudsak vere eit samlingspunkt for klubbmedlemmar og vil mellom anna innehalde toalett og dusj. Dette ser vi vil fremje sosiale aktivitetar, samt vere nyttig i kurs- og klubbtur-samanheng.

Dette vart gjort på naustet i 2021:

- Formøte med Herøy kommune
- Møte med Jensholmen Båtlag
- Opna opp mellom naust nummer 2 og 3

Utstyr:

Vi har i 2021 hatt to dugnadar der vi har rydda, reparert slitasje og skader på utstyr og kajakkar. Vi har seld 3 Arrow Zegul kajakkar og ein Boreal Epsilon.

Vi har kjøpt inn:

Kajakk	Kjøpsdato	Status
Seabird Qanik	januar 2021	brukt
TideRace Xcite-S	mars 2021	brukt
Skim Dex	mai 2021	brukt
NDK Sportiv rosa	mai 2021	ny

Aktivitetar:

Bassengtrening

Bassengtreninger i Sunnmørsbadet er blitt gjennomført i den grad koronapandemien har gitt moglegheiter for det. Trass restriksjonar knytt til smittevern, har vi gjennomført 10 bassengtreningar i tidsromet januar-mars og november-desember 2021. Vi har hatt særleg fokus på å ha tilbod til ungdomsgruppa vår, så ein klokke time bassengtid var øyremerka for dei under 19 år. Vi fekk midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune til treningane.

Klubbturnar

Gjennom året har vi gjennomført 29 klubbturnar fordelt på både vekedagar og helgeturar. Vi starta opp i april med torsdagsklubbturnar, og dette vart oppretthaldt gjennom vår, sommar og haust så fremt véret tillot det. Torsdagsklubbturnane har vore lagt opp som lågterskelturar for alle medlemmar, og gjennomført av ulike aktivitetsleiarar.

Vi hadde ein tur frå Nupen på Larsnes til Sandsøya med god deltaking i strålende vær tidlig i august.

Klubbkveld

Vi hadde ein klubbkveld i naustet med besøk av Eian Fritid AS 20. mai 2021, med sal av padleutstyr.

Prøv å padle-kveld gjennomført 15. juni 2021.

Kurs

- 1 gjennomført introkurs hav
- 4 Grunnkurs Hav
Eitt av kurs hadde vi i samarbeid med Ålesund folkehøgskule.
Fleire kurs var planlagt, men måtte avlysast grunna korona/låg påmelding.
- 4 gjennomførte Grunnkurs UNG, mellom anna i samarbeid med Herøy kommune (HaustCamp for ungdom).
- 1 Teknikkurs UNG, 8 oblat
- 2 aktivetslederkurs, 13 oblat. Eitt i Herøy og ett i samarbeid med Sunnfjord Kajakklubb.

Til saman vart det utstedt 98 våttkort + 21 oblat gjennom teknikk- og aktivetskurs.

I samarbeid med Herøy kommune vart det gjennomført prøv-å-padle for ungdom i august 2021. Til saman deltok ca 80 ungdommar i desse aktivitetane.

Videre deltok vi saman med Sunnmøre Friluftsråd på UNG-festival, med padling som aktivitet for ungdommar.

Aktivetsleiarkveld vart gjennomført i naustet i september 2021. Det vart der avtalt å ha ein aktivetsleiartur til Skorpa, der vi også inviterte aktivetsleiarar frå andre klubbar.

Diverse gjennom året:

- Herøy Kajakklubb deltok på Norges Padleforbund sitt digitale Padleting i mars 2021 med 3 medlemmar. Vår leiar Eilin Reinaas vart vald inn i Norges Padleforbund sin kontrollkomité.
- Gjennom Spleis bidrog mange til innreiing av nytt naust! I tillegg til mange private givarar, sponsa bedriftene Sparebank 1 Søre Sunnmøre med 60 000 kroner og Metizoft AS med 5000 kroner. Totalt fekk vi samla inn kroner 82 150, netto fekk vi kroner 80 710.
- Arbeidet med gapahuk vart starta med ein innsamlingsaksjon på Spleis og vi fekk inn kroner 48 200. Også denne gongen fekk vi stor støtte frå Sparebank

1 Søre Sunnmøre, på kroner 40 000.

- Herøy Kajakklubb meldte seg inn i Havlandet AS
- Visepresidenten i NPF besøkte Herøy og Herøy Kajakklubb to gonger i løpet av 2021
- NPF avholdt ETU UNG på Jensholmen 21.-22. august, i samarbeid med Herøy kajakklubb. Vi hadde med 4 deltakarar frå HKK.
- Fire padleleder utarbeidd av padleledgruppa i Herøy kajakklubb, vart lagt ut på klubben sine nettsider.
- Ny veileder i NPF sin våttkortstige utdanna i 2021: Joakim Eiksund.
- Promotering i ulike media:
 - Sunnmøre Live deltok på klubbtur og laga ein innhaldsrik reportasje på lokal TV.
 - Nærsynet ved Høgskulen i Volda laga reportasje om vår strandryddetur rundt Eika.
 - Kurstilbod for ungdom på Herøy Sommarcamp og Herøy Haustcamp vart omtalt både i sosiale medier og lokalavis.
- Juni 2021 bikka Herøy Kajakklubb 500 medlemmar.
- Padleboken, nytt digitalt utlånssystem for utstyr vart tatt i bruk.
- Utlånssystemet viser at det er eit utlån på meir enn ein kajak med utstyr i gjennomsnitt pr. dag.
- Padlesamlingar andre stader i landet vart i stor grad avlyst grunna korona. Herøy Kajakklubb hadde representantar også i år på Gloppen Padleklubb sitt Surfesymposium i Hoddevika.

Medlemstal pr 31.12.2021

	0-19 år UNG	>20 år Senior	Totalt
Kvinner	58	199	257
Menn	76	225	301

Totalt	134	424	558
--------	-----	-----	-----

Medlemstal rapportert til Norges Idrettsforbund:

	31.12.2020	31.12.2021
Kvinner	211	257
Menn	232	301
Totalt	443	558